



Allidrett har vorte ein suksess. Dette biletet vart teke ved starten i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Onsdag 13.januar startar allidretten oppatt. Første gongen møtest vi ved skogsvegen på øvre Haugland. Merk tidspunktet denne dagen : kl. 18.00 – 19.00. Vi går opp vegen, og akar ned att. Ta med akebrett, hovudlykt og event. varm drikka !

Aktivetsplanen for allidretten ligg heretter under aktivitetar på uskedalen.no (klikk på DET SKJER).. Planen er at vi skal på ski i Fjellhaugen 27.januar. Vi vonar at det er kome nok snø då.

Dersom skitilhøva ikkje er gode nok vil treninga føregå inne i aktivitetshuset. Dette framgår av planen, og vil bli varsla på sms og via uskedalen.no.

Dei to første gongene på ski reknar vi med å ha med minst to ekstra instruktørar.

Vi vil då undervisa i teknikk på slalåm- og telemarkski og snøbrett. Både nybyrjarar og vidarekomne vil då få rettleiing. Generelt kan vi seia at det er mykje kjekkare og ikkje minst finare å sjå på nokon som meistarar flott svingteknikk, enn dei som køyrer rett ned bakken ! Foreldre er hjarteleg velkomne til å delta på desse kursa

Vi er svært takksame for at Magnhild Haugland har sagt seg viljug til å hjelpa oss med å setja opp ei køyrelista for fjellkøyringa. For at ungdomane skal koma seg tilfjells, er vi heilt avhengige av at foreldre stiller opp. På treninga på onsdag får dei ein oversikt over opplegget. Foreldre som kan hjelpa til med køyring ein eller fleire av desse datoane : 27.01, 03.02, 10.02, 03.03, 10.03 eller 17.03 kan óg ta kontakt med Magnhild direkte på telefon 91 59 27 57.

Det blir óg jobba med å få litt rabatt på korta på kveldskøyringa i trekket. Vi vonar dette går i orden. For dei som ikkje har slalåmski, eller ikkje ønskjer å vera i "storatrekket" kan ein óg kosa seg i "vetlatrekket" heilt gratis.

Vi ønskjer "gamle" og nye ungdomar velkomen til trening !

Cathrine og Steinar Haugland